

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jahn Olav Nordheim	FA - A22, TI - &00	17/20

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
015/2017	Formannskapet	PS	31.01.2017
	Kommunestyret	PS	

Revisjon av vedtekter skulefritidsordning

Forslag til vedtak:

Vedtekter for Modalen skulefritidsordning vert vedteke slik dei ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Dei gjeldande vedtektene for skulefritidsordninga i Modalen vart sist revidert i august 2008. Etter dette har det vore gjort nokre endringar i organiseringa av sfo utan at det har vorte gjort endringar i vedtektene. For å få betre samsvar mellom vedtekter og praksis vil ein no revidera vedtektene slik at dei står i forhold til det tilbodet som vert gjeve.

Framlegg til reviderte vedtekter for Modalen skulefritidsordning har vore til høyring hjå brukarar/foreldregruppa gjennom alle representantar i Fau ved Mo skule. Saka vart handsama i samarbeidsutvalet ved Mo skule i møte 05.01.2017. Samarbeidsutvalet godkjende framlegget til reviderte vedtekter utan merknader.

Vurdering

Vedtektene til Modalen skulefritidsordning tek utgangspunkt i Opplæringslova § 13-7. Her er det opplista kva vedtektene skal innehalda. Framlegg til vedtak i saka byggjer på denne oppstillinga.

Dei viktigaste endringane i vedteketen handlar om opningstid for sfo. Hausten 2014 endra Mo skule oppmøtemønster for heile skulen. Elevane på 1.-4.klassetrinn gjekk då over til 5 dagar skuleveke, og ei lengre økt med sfo på slutten av kvar dag. Opningstidene om ettermiddagen har vorte endra til

16.30 (tidlegare 16.00) utan vedtaksending. Dette er no teke med i framlegg til reviderte vedtekter.

Siste året har ein etter avtale hatt høve til å levere sfo-born i barnehagen frå kl 07.00. Borna har så nytta skulebussen ned til skulen om morgonen. Dette er det framleis høve til, og informasjon om dette er no teke med i framlegget til vedtekter.

I skulen sine feriar har det vore eit samarbeid mellom Modalen barnehage og sfo. Dette samarbeidet held fram. Ein får då utnytta personalressurs og avvikla ferie for dei tilsette på ein god måte. Dei siste to åra har ein hatt ei prøveordning med feriestengd barnehage og sfo ei veke om sommaren. Etter evaluering av denne prøveordninga vert sfo feriestengt i veke 29.

I høyringsprosessen kom det inn eitt innspel frå foreldregruppa 1.-2.klasse. Innspela frå foreldra er vurdert i arbeidet med vedtektene. Ein har etter høyringa teke inn i vedtektene moglegheita for at born etter avtale kan starta sfo kl 07.00 i barnehagen på skuledagar. Ordninga vert dermed gjort kjent for alle. Dei andre innspela frå foreldregruppa er viktige, og innhaldet vert teke opp i møte mellom skuleleiing og sfo-leiar. Ein meiner at desse innspela ikkje høyrer inn under det som skal vera med i vedtektene for sfo.

Konklusjon

Framlegg til reviderte vedtekter er i samsvar med dagens praksis for sfo i Modalen kommune.

Formannskapet - 015/2017

FOR - behandling:

Samrøystes

FOR - vedtak:

Vedtekter for Modalen skulefritidsordning vert vedteke slik dei ligg føre.

Vedlegg:

Vedtekter SFO-framlegg

Høyringsinnspel Fau 1.-2.kl

